



Innkalling av Fellesnemnda

Møtedato: 07.05.2018
Møtestad: Meland rådhus
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf/sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

NB! Frå 12.00 til 13.00 vil det vera diskusjon knytt til kommunikasjonsstrategi som skal endeleg vedtakast i juni - sjå vedlegg s. 2-12 i innkallinga.

Sakliste

Saknr	Tittel
025/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/18	Godkjenning av møteprotokoll
027/18	Val av valstyre
028/18	Prosjektmandat - kommunestyre- og fylkestingsval 2019
029/18	Prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta
030/18	Økonomisk støtte til politiske parti
031/18	Disponering av midlane frå KMD til Sambandet Vest
032/18	Overordna ROS for Alver kommune
033/18	Melding/orientering til fellesnemnda 07.05.2018

30. april 2018

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær



UTKAST – versjon 3

Kommunikasjonsstrategi, handlingsdel

Alver kommune
Juni 2018 – juni 2020

Sist oppdatert: 23. april 2018

Satsingsområde 1: Intern kommunikasjon

Hovudmål: Trygge og motiverte tilsette i byggjeperioden

Dette skal vi få til ved å:

- Styrke kompetansen til leiarane, slik at dei blir synlege, aktive og legg til rette for open dialog
- sikre at tilsette ser verdien av samanslåinga og sjølv oppsøker informasjon
- sikre felles forståing for målet og kvifor vi skal bygge ny kommune

Nr.	Tiltak	Ansvar	Framdriftsplan 2018-2020								Budsjett OBS: Ca-tal!
			18-K3	18-K4	19-K1	19-K2	19-K3	19-K4	20-K1	20-K2	
1.	Gjennom opplæring og felles møteplassar, bidra til at alle leiarar og prosjektleiarar får ein felles kommunikasjonskultur og –kompetanse.	Program-kontoret									Eigne ressursar



2.	Lage ein overordna bodskapsbank , der leiarar og prosjektleiarar kan hente sentrale bodskap og ein powerpoint med siste nytt om kommunesamanslåinga.	Informasjon Leiargruppa								Eigne ressursar
3.	Utarbeide malar og sjekklistar for informasjon og kommunikasjon til prosjektmetodikken/programhandboka.	Program- kontoret								Eigne ressursar
4.	Kartleggje dagens fellesaktivitetar og møteplassar i Lindås, Meland og Radøy. På bakgrunn av kartlegginga, lage ein aktivitetsplan for arrangement og aktivitetar , som byggjer felles identitet og kultur for tilsette i den nye kommunen.	Kultur Personal								Må komme tilbake til budsjett for kulturaktivitetar
5.	Kartleggje kva kommunikasjonskanalar dei tilsette brukar og kva behov dei har.	Program- kontoret								Eigne ressursar
6.	Lage ein kanalstrategi for informasjonsskriv til alle tilsette.	Informasjon Leiargruppa								Eigne ressursar
7.	Produsere skriftleg informasjon og korte filmsnuttar med siste nytt frå prosessen, og sørgje for at informasjonen når alle tilsette i kommunane.									20.000 kroner til oppslag/trykk
8.	Etablere og drifte ein digital kanal for å ta imot innspel frå alle tilsette.	Leiargruppa Program- kontoret								10.000 kroner
9.	Gjennomføre ei felles medarbeiderundersøking .									30.000 kroner



Satsingsområde 2: Ekstern kommunikasjon

Hovudmål: Informerte innbyggjarar

Dette skal vi få til ved å:

- vere i forkant med informasjon til innbyggjarar om kva konsekvensar samanslåinga får for tenestene dei brukar
- skape interesse for og tilhøyrgheit til den nye kommunen

Nr.	Tiltak	Ansvar	Framdriftsplan 2018-2020								Budsjett OBS: Ca-tal!
			18-K3	18-K4	19-K1	19-K2	19-K3	19-K4	20-K1	20-K2	
10.	Lage ein plan for korleis vi skal informere innbyggjarar som mottar tenester frå kommunane i god tid før samanslåinga.										Eigne ressursar
11.	Lage eit aktivitets- og kulturprogram for perioden januar 2019 til januar 2020.	Kultur									Midlar til trykk/grafisk arbeid. Budsjett for heile programmet blir lagt fram for fellesnemnda.
12.	Lage ein medie- og kanalstrategi for byggeperioden.	Informasjon									Eigne ressursar
13.	Vidareutvikle www.alverkommune.no , facebookside «Vi byggjer Alver» og eventuelt andre kanalar - i tråd med ny kanalstrategi.	Informasjon									50.000 kroner
14.	Lage ein filmserie om folk og aktivitet i Alver kommune.	Informasjon Ekstern									100.000 kroner



Satsingsområde 3: Klargjere og utvikle kommunikasjonsarbeidet for Alver kommune

Hovudmål: Felles retningslinjer og system for informasjon/kommunikasjon i Alver kommune

Dette skal vi få til ved å:

- byggje beste praksis for den nye kommunen kommunane
- lage malar og retningslinjer som sikrar at vi jobbar likt og smart

Nr.	Tiltak	Ansvar	Framdriftsplan 2018-2020								Budsjett OBS: Ca-tall!
			18-K3	18-K4	19-K1	19-K2	19-K3	19-K4	20-K1	20-K2	
15.	Bestille ein grafisk profil med profilhandbok og relevante malar for Alver kommune.	Informasjon									200.000 kroner
16.	Byggje ein bildebank for Alver kommune – med system og retningslinjer for drift.	Informasjon									50.000 kroner
17.	Etablere ein felles strategi for annonsering og invitere lokalavisene til ei konkurranse om hovudavtale for annonsering.	Informasjon Innkjøp Kundesenter									Eigne ressursar
18.	Etablere eit prosjekt som: - Tilpassar tenesteskildringar til Alver kommune - Byggjer ny innbyggjarportal	Informasjon Fagavdelingane									100.000 kroner Eigne ressursar
19.	Etablere eit prosjekt som: - Kartlegg/vurderer behovet for nytt intranett - Inviterer til konkurranse/anbod på ønska løysing - Byggje og implementerer ny løysing	Informasjon									300.000 kroner
20.	Lage nye rutinar og verktøy for mediehandtering og informasjonsarbeid .	Informasjon									Eigne ressursar



21.	Lage ein plan for klart språk (målbruksplan) for Alver kommune.	Informasjon Kultur									?	50.000 kroner
22.	Lage felles beredskapsstrategi og tiltakskort for kommunikasjon og informasjon.											Eigne ressursar
23.	Lage forslag til prosjektmandat for kommunikasjonsstrategi for Alver kommune.											Eigne ressursar

UTKAST – versjon 5

Kommunikasjonsstrategi

Alver kommune
Juni 2018 – juni 2020

Sist oppdatert: 23. april 2018

1. Om strategien

Dette er ein kommunikasjonsstrategi for perioden juni 2018 til juni 2020, og skal først og fremst vere eit verktøy for programleiinga, leiarar og prosjektleiarar som deltar aktivt i arbeidet med å byggje nye Alver kommune.

a) Overordna mål

Kommunikasjonsstrategien skal bidra til at vi når dei overordna måla i styringsdokumentet for samanslåinga:

Hovudmålsetting				
- Alver kommune er i drift 1. januar 2020 med alle element for ein kommunal organisasjon på plass, bygd på intensjonsavtalen. - Alle prosjekt starta av programmet er avslutta og ein gevinstrealiseringsplan for Alver kommune skal vere etablert og overlevert til driftsorganisasjonen innan 1. januar 2020. - Oppleving av å høyre til i Alver kommune blant innbyggjarar og tilsette.				
Resultatmål				
Ein komplett organisasjonsstruktur for den nye kommunen er etablert.	Driftsforstyringar er minimert.	Kommunen sine prosessar er vidareutvikla og forbetra	Synergjar er realisert eller ligg i gevinstrealiseringsplan.	Program for identitetsbygging for innbyggjarar og tilsette er gjennomført.

Styringsdokumentet peikar i tillegg på åtte suksesskriterier, mellom anna endringsleiing, involvering og kommunikasjon. Sentrale suksesskriterier for satsingsområda i denne kommunikasjonsstrategien er:

- Redusere usikkerhet og mistydingar
- Identifisere og erkjenne kulturelle forskjellar og arbeide for å skape ein ny felles kultur
- Ha ein kommunikasjon preget av openheit, respekt og truverde
- Sikre god og balansert involvering av tilsette

- Sikre rett informasjon til rett tid til den rette interessegruppa.

b) Visjon og verdier

Verdier seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Dei skal forme haldningane våre, prege prosessane fram mot samanslåinga og gjennomsyre alt vi seier og gjer.

Intensjonsavtalen seier at prosessane skal vere:

- Rause og inkluderande
- Prega av openheit og dialog
- Samlande

Intensjonsavtalen seier vidare at vi skal byggje på følgjande verdier, mål og prinsipp:

Verdier, mål og prinsipp
• Me skal byggja ein ny kommune. • Alle kommunar er likeverdige partar. • Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon. • Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen. • Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur. • Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv. • Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen. • Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur. • Me skal ha innbyggjarrettlegg i alle rådhusa. • Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane. • Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

c) Definisjonar

Orda kommunikasjon og informasjon blir ofte brukt om kvarandre. Ein enkel måte å skilje dei to omgrepa på, er å knyte kommunikasjon til prosessen og seie at informasjon er eit produkt eller eit konkret tiltak.

2. Slagord

«Vi byggjer Alver kommune» er eit overordna og samlande slagord for heile byggjeprosessen. Slagordet skal gå som ein raud tråd gjennom alt vi kommuniserer, både munnleg og skriftleg.

Vi-et i slagordet er alle som som jobbar og er politikarar i Lindås, Meland og Radøy. Vi skal ikkje slå saman kommunane, men byggje ein ny kommune – basert på det beste frå alle dei tre kommunane.

3. No-situasjon og ønskt posisjon

No-situasjon – internt: Tilsette og leiarar i Lindås, Meland og Radøy har ulike behov. Nokre vil oppleve store endringar og treng meir informasjon enn andre. Berre eit fåtal er tett på prosessen og har god oversikt over kva som skjer og kvifor. Mangel på tilgang til nok og lik informasjon fører til rykte. I tillegg gjer endring at mange blir usikre.

Leiarar og tilsette i Lindås, Meland og Radøy skal drifte kommunane sine og samstundes delta i arbeidet med å byggje den nye. Det er krevjande å handtere begge delar.

Ønskt posisjon – internt: Vi ønskjer ein kommunikasjon som gjer at dei tilsette forstår kvifor vi skal byggje ein ny kommune, kjenner seg trygge og har lyst til å delta i arbeidet. Kommunikasjonen skal sikre gode prosessar. Leiarane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet. Difor satsar vi på å utvikle kommunikasjonskompetansen til leiarane, både dei som er leiarar i dei tre kommunane i dag og dei som har fått eller får leiarstillingane i den nye kommunen. Det er viktig at alle, også dei om ikkje skal vere leiarar i den nye kommune, har tru på endringa og bidrar positivt i møte med sine tilsette.

No-situasjon – eksternt: Arbeidet med å byggje den nye kommunen har liten innverknad på kvardagen til dei som bur i kommunane. Fleire innbyggjarar i områda lengst vekk frå kommunesenteret fryktar at dei får lengre reiseveg til ein del tenester. Behovet for informasjon vil auke etter kvart som vi nærmar oss 1. januar 2020. Då treng innbyggjarane svar på spørsmål om kva som skjer med deira tenester.

Ønskt posisjon – eksternt: Vi ønskjer å vere i forkant av informasjonsbehovet til innbyggjarane. Difor skal vi lage ein eigen plan for korleis vi kan informere innbyggjarane om det dei treng å vite i god tid før overgangen. Vi skal også lage ein eigen plan for informasjon knytt til lansering av den nye kommunen.

4. Kommunikasjon sett i system

a) Målgruppe

Alle tilsette i alle kommunane får ein ny arbeidsgjevar 1. januar 2020. Difor er alle tilsette ei sentral målgruppe. Vi har likevel valt å skilje mellom tilsette som blir direkte overført til den nye kommunen utan store endringar og dei som vil oppleve at arbeidskvardagen endrar seg. Dette har vi gjort for å markere at informasjons- og kommunikasjonsbehova er ulike.

- Tilsette som vil oppleve store endringar i arbeidskvardagen sin
- Tilsette som blir direkte overført til Alver – utan store endringar
- Dei som er leiarar i kommunane i dag
- Dei som får leiarroller i Alver kommune
- Politikarar i fellesnemnda og kommunestyra
- Politikarar som blir valt hausten 2019

- Innbyggjarar

b) Sentrale kanalar

- Næraste, noverande leiar
- Framtidig leiar
- Programleiinga
- Intranetta i alle dei tre kommunane
- Portal for byggjeperioden: www.vibyggeralver.no
- Facebookside for byggjeperioden: www.facebook.com/vibyggeralver
- Eventuelt andre kanalar/sosiale medier, som blir valt i arbeidet med ny medie- og kanalstrategi

c) Roller og ansvar

- Leiarar: Leiarar i Lindås, Meland og Radøy har ei nøkkelrolle, og må vere tydelege og synlege leiarar for sine tilsette. Leiarar må omsetje visjonen og verdiane til konkret og relevant informasjon, og vere lydhøyre for behov og innspel frå sine tilsette. Endringsleiarane, dei som får leiarstillingar i den nye kommunen, må i tillegg samhandle og kommunisere med noverande leiarar. Alle leiarar må gå framfor som gode eksempel og vise endringa i eigen praksis og framferd.
- Tilsette: Alle tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å søkje og kome med innspel til informasjon om prosessen!
- Tillitsvalte: Dei tillitsvalte skal, saman med leiinga, ivareta dei tilsette. Dei skal ta imot og spreie informasjon til tilsette, og vidareformidle eventuelle tilbakemeldingar og innspel frå tilsette til leiinga.
- Ombodsrolla/folkevalde: Politikarar i alle dei tre kommunane har ei sentral rolle. I tillegg til å vere arbeidsgjevar og ha eit hovudansvar for den nye kommunen, skal politikarane ivareta interessene til dei som bur og driv næring i kommunane.

d) Grunnprinsipp for god kommunikasjon

«Rett informasjon til rett tid – til rett målgruppe» er det viktigaste prinsippet for god kommunikasjon. For å lukkast med endring, er det viktig at alle som delta i prosessen veit kva som er målet og kvifor vi skal byggje ein ny kommune.

Sentrale prinsipp for endringsleiing/endringskommunikasjon:

- Ver nær og relevant
Endringa handlar om organisasjon, men er først og fremst viktig for kvar enkelt. Alle har behov for å vite korleis jobben dei gjer vil endre seg og kva som er venta av dei under og etter endringa.

Presenter relevante fakta, men vis også at du bryr deg. Bygg tilslutning og motivasjon gjennom visjonen. Sørg for at dei tilsette både forstår og føler seg sett/høyrte.

- Snakk direkte til den enkelte
Endringa handlar om oss! Bruk eit klart og forståeleg språk – ikkje eit vanskeleg fagspråk.
 - Bruk pronomena du og deg, eg og meg, vi og oss – ikkje det, ein.
 - Bruk aktive verb (byggjer) – ikkje passive (byggjast).
 - Ta omsyn til at vi er ulike og har ulike behov for informasjon. Svar alltid på kva og kven før du går i dybden og svarar på kvifor og korleis.
- Kommuniser og gjenta sentrale budskap
Ikkje ta for gitt at alle forstår og ser den nye retninga.
- Start på toppen – skap eigarskap
Dei tilsette ser til toppen for å hente motivasjon, støtte og retning. Leiarane må gå framfor som gode eksempel og involvere tilsette.
- Jobb med kultur
Vurder det kulturelle landskapet, og tilpass kommunikasjonen etter det som passar best.
- Ha orden på det formelle
Leiarar må følgje retningslinjer og bruke verktøy og malar for endringsprosessen.

5. Tre satsingsområde

1: Intern kommunikasjon

Trygge og motiverte tilsette i byggjeperioden

Hovudstrategiar:

- Styrke kompetansen til leiarane, slik at dei blir synlege, aktive og legg til rette for open dialog
- sikre at tilsette ser verdien av samanslåinga og sjølv oppsøker informasjon
- sikre felles forståing for målet og kvifor vi skal byggje ny kommune

2: Ekstern kommunikasjon

Informerte innbyggjarar

Hovudstrategiar:

- vere i forkant med informasjon til innbyggjarar om kva konsekvensar samanslåinga får for tenestene dei brukar
- skape interesse for og tilhøyrgheit til den nye kommunen

3: Klargjere og utvikle kommunikasjonsarbeidet for Alver kommune

Felles retningslinjer og system for informasjon/kommunikasjon

Hovudstrategiar:

- byggje beste praksis for den nye kommunen kommunane
- lage malar og retningslinjer som sikrar at vi jobbar likt og smart

Sjå eigen handlingsdel for juni 2018 til juni 2020.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1398

Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1398

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Fellesnemnd - 09.04.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent



Møteprotokoll for Fellesnemnd

Møtedato: 09.04.2018
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12:00 - 15:45

Orientering frå Alver kyrkjeleg fellesråd i starten av møtet.

Frammøtte medlem	Kommune	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	Radøy	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	Radøy	H	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	SP	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	AP	Leiar
Nils Marton Aadland	Meland	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	FRP	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	SP	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	Meland	KRF	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	KRF	Nestleiar
Asle Hetlebakke	Lindås	KRF	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	AP	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	SP	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	H	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Kommune	Parti	Rolle
Leif Hosøy Sleire	Lindås	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Kommune	Parti	Erstatter medlem
Odd Leif Mjøs	Lindås	KRF	Leif Hosøy Sleire

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-programkoordinator, Jarle Landås-ass.programansvarleg, Martin W Kullid-ass.programansvarleg, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-programansvarleg

Sakliste

Saknr	Tittel
021/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/18	Godkjenning av møteprotokoll
023/18	Val av prosjektgruppe - politisk hovudprosjekt: politisk styringsstruktur og lokaldemokrati
024/18	Melding/orientering til fellesnemnda 09.04.2018

021/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

09.04.2018 Fellesnemnd

Ingen merknader, samrøystes.

FN - 021/18 VEDTAK:

Innkalling og sakliste er godkjent

022/18: Godkjenning av møteprotokoll

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

09.04.2018 Fellesnemnd

Feil i protokoll. K.Vågstøl, A.Valle feil parti. S.Hauge mangler. Ellers ingen merknader.

FN - 022/18 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

023/18: Val av prosjektgruppe - politisk hovudprosjekt: politisk styringsstruktur og lokaldemokrati

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Leiar: Kenneth Taule Murberg, H, Radøy

Nestleiar: Leif Sleire, Krf, Lindås

Tre medlemer: Anne Grete Eide, Ap, Meland
Marit Samnøy Jøssang, Krf, Meland
Sveinung Toft, V, Lindås

09.04.2018 Fellesnemnd

Valnemnda sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst (S.Hauge-Lindås AP)

FN - 023/18 VEDTAK:

Leiar: Kenneth Taule Murberg, H, Radøy
Nestleiar: Leif Sleire, Krf, Lindås
Tre medlemmer: Anne Grete Eide, Ap, Meland
Marit Samnøy Jøssang, Krf, Meland
Sveinung Toft, V, Lindås

024/18: Melding/orientering til fellesnemnda 09.04.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

09.04.2018 Fellesnemnd

Politiske prosjekt:

- Felles identitet, symbol og felles kultur

Prosjekt med politisk styring:

- Arbeidsgjevarpolitikk

Andre orienteringar:

- Sambandet Vest AS (sjå vedlegg) ved Kenneth Murberg (styremedlem Sambandet Vest)
Det var stilt spørsmål ved habilitet for K.Murberg-medlem og J.Askeland-vara i styret Sambandet vest. Det var samrøystes vedteke at dei er inhabile i denne diskusjonen jf.fvl § 6 E.
- Kyrkjeleg fellesnemnd Alver (i starten av møtet)
- NH Brann og redning ved programkoordinator Hogne Hausdal
- Program- og prosjektorganisering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Status og vidare arbeid med administrativ organisering ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Status DigiAlver ved programansvarleg Ørjan Rakne Forthun
- Tilsetting trainéer ved programkoordinator Hogne Haugsdal
- Selskap og kommunereform ved ass.programansvarleg Jarle Landaas
- Møter i fellesnemnda i mai og juni ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun

Framlegg frå FRP/H:

Vi foreslår organisering av næringsarbeidet som prosjekt

1. Det oppnevnes en prosjektleder
2. Oversikt over ressurser i dag
3. Rammer for ny organisering
4. Det utarbeides en plan for gjennomføring.

Fremlegges punkt 4 - juni møtet.

Fellesnemnda sender framlegget til SFU, samrøystes.

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FN - 024/18 VEDTAK:

Meldinga vert teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1379

Val av valstyre

Valnemnda sitt framlegg til vedtak: Valstyret 2018 – 2019:

Astrid Aa. Byrknes	Krf	Lindås (leiar)
Jon Askeland	Sp	Radøy (nestleiar)
Øyvind H. Oddekalv	Ap	Meland
Nils M. Aadland	H	Meland
Nina Bognøy	Ap	Lindås
Jostein Borlaug	Ap	Radøy
Marit S. Jøssang	Krf	Meland
Nina S. Øvreås	Frp	Lindås
Kenneth T. Murberg	H	Radøy

Varamedlemer;

Øyvind Bratshaug	Frp	Meland
Sveinung Toft	V	Lindås
May Britt Gjerde	Sp	Radøy

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har kome med framlegg om endring i vallova og valforskrift og fastsetting av to nye forskrifter om gjennomføring av val. Desse endringane gjer at ein skal gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 som om kommune- og fylkessamanslåingane, gjeldande frå 1.1.2020, allereie har funnet stad.

Dei nye forskriftane gjer mellom anna fellesnemnda mynde til å velja eit felles valstyre for kommunane som skal slå seg saman.

Valnemnda viser til Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing. Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune;

Kapittel 9.1.3 Valstyre kommuneval 2019:

*«I 2019 vert det første lokalvalet for den nye kommunen gjennomført. Partia må starte førebuingane til dette valet tidleg for å kunne forene tre kommunar i sine parti, i arbeidet med partiprogram og i nominasjonsprosessane. Gjennomføringa vil krevje god planlegging. **Eit valstyre vert oppnemnd som ansvarlig for gjennomføringa av valet.»***

Om valstyret:

Valstyret er etter kommunelova eit fast utval, og reglane i kommunelova om val av nemnder gjeld. Det er ingen særskilte reglar om samansetjing, men dei generelle reglane om offentlege organ gjeld, det vil sei at begge kjønn skal vera representert og med minst 40 prosent dersom antal medlemmer er over tre. Tidligere gjaldt at formannskapet fungerte som valstyre, og mange stader er det i praksis slik framleis. Det er vanleg å sørgja for brei politisk representasjon i valstyret.

Valnemnda i fellesnemnda hadde møte tysdag 24. april, og kjem med dette med følgjande framlegg til valstyret for Alver kommune, i samband med kommune- og fylkestingsvalet 2019.

Astrid Aa. Byrknes	Krf	Lindås (leiar)
Jon Askeland	Sp	Radøy (nestleiar)
Øyvind H. Oddekalv	Ap	Meland
Nils M. Aadland	H	Meland
Nina Bognøy	Ap	Lindås
Jostein Borlaug	Ap	Radøy
Marit S. Jøssang	Krf	Meland
Nina S. Øvreås	Frp	Lindås
Kenneth T. Murberg	H	Radøy

Varamedlemer:

Øyvind Bratshaug	Frp	Meland
Sveinung Toft	V	Lindås
May Britt Gjerde	Sp	Radøy

Valnemnda har med dette framlegget prøvd å få ei brei politisk samansetjing av valstyret og samstundes teke omsyn til at kjønnsmessig representasjon. Me gjer framlegg om 9 medlemmer i valstyret, 3 frå kvar kommune.

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1379

Prosjektmandat - kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Vedlegg:

Prosjektmandat val 2019_politisk hovudprosjekt med administrativ styring 30.04.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Prosjektmandat, kommunestyre- og fylkestingsval 2019, vert vedteke som det ligg føre i saka.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har kome med framlegg om endring i vallova og valforskrift og fastsetting av to nye forskrifter om gjennomføring av val. Desse endringane gjer at ein skal gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 som om kommune- og fylkessamanslåingane, gjeldande frå 1.1.2020, allereie har funnet stad.

Føresegna i vallov og forskrift om listeframlegg, røysterett, valbarhet, førehandsrøysting, røysting og klagerett, gjeld som om kommunesamanslåinga er gjennomført. Det skal førast eit felles manntal for kommunane som skal slå seg saman.

På bakgrunn av desse endringane vert førebuing og gjennomføring av valet i 2019 starta opp som prosjekt.

.....

Prosjektmandat

**Politisk hovudprosjekt med
administrativ styring**

Kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Alver kommune

1. Innleiing

Dette mandatet gjeld for politisk hovudprosjekt med administrativ styring: Mandatet skal til godkjenning i fellesnemnda.

2. Bakgrunn og forankring

2.1. Intensjonsavtale

- Kommunestyra i Radøy, Meland og Lindås gjorde vedtak om kommunesamanslåing 22.juni 2017.
- Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggjarane sin felles identitet, ivaretek lokaldemokratiet og gjer den nye kommune og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver, jamfør vedtak i Stortinget. Den nye kommunen vil aktivt søkja om å kunna ta på seg nye oppgåver og mynde slik at det lokale demokratiet i størst mogleg grad kan styra utviklinga i eigen kommune.
- Den nye kommunen skal byggja vidare på den felles kulturen og identiteten som er i regionen.
- I kapittel 6 er demokratimodellen for Alver kommune beskrive med oppbygging av den politiske styringsstrukturen.

2.2. Styringsdokument

- Styringsdokumentet beskriv korleis prosessen med å bygge ein ny kommune skal gjennomførast. Prosjektet med å førebu og gjennomføre val 2019 er ein viktig del av byggprosessen. Kommunestyrevalet 2019 skal gjennomførast som om Alver kommune er etablert.

2.3. Vedtak i fellesnemnda

- Det vart orientert under sak 20/18 «Melding/orientering til fellesnemnda 12.03.2018» . Prosjektmandatet for val 2019 skal til vedtak i fellesnemnda 7. mai.

3. Hovudmål, resultatmål og effektmål

3.1. Hovudmål

- Førebu og gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

3.2. Resultatmål (Kva skal prosjektet levere)

- Kartlegging av praksis i dei tre kommunane
- Førebu val og avklare følgjande problemstillingar:
 - Valkrinsar og lokale
 - Tal på valdagar
 - Opningstider
 - Førehandsrøysting (Tid og stad)
 - Bruk av teknologi
 - Ressursar til førebuing og gjennomføring
 - Budsjett og økonomi

- Informasjon til innbyggjarar og politiske parti
- Førebu opplæringsopplegg for nye politikarar
- Gjennomføring av valdagen 9. september 2019 (Eigen plan)
- Godkjenning av valet

3.3. Avgrensingar

- Prosjektet er avslutta når val 2019 er godkjent. Val til utval, råd og styrer blir gjennomført av det nye kommunestyret. Opplæring av nye politikarar blir gjennomført i tråd med planen som er levert av prosjektet.

4. Organisering

4.1. Oppdragsgjevar

- Fellesnemnd

4.2. Politisk styringsgruppe

- Valstyret (Avklart i fellesnemnda 7. mai)

4.3. Administrativ styringsgruppe

- Programleiing for Alver kommune

4.4. Prosjektansvarlig

- Ass. rådmann Hogne Haugsdal, Lindås kommune.

4.5. Prosjektgruppe

- Tove Mette Fyllingen - Lindås kommune, prosjektleiar
- Randi Hilland - Meland kommune
- Anne Dale Austrheim - Radøy kommune
- HTV – ?

4.6. Referansegrupper

- Relevante referansegrupper eller enkeltpersonar blir involvert ved behov

5. Framdriftsplan - hovudtrekk

- 7.mai 2018: Val av valstyre og godkjenning av prosjektmandat i fellesnemnda
- 4.juni 2018: delegering av mynde frå fellesnemnd til valstyre og programansvarleg
- 3.september2018: Avklaring på elektronisk manntal valting, valkrinsar, vallokale, valdagar etc.
- Desember 2018: Budsjett og ressursar
- 1.kvartal 2019: Info politiske parti – listeframlegg
- Sommar 2019: Test val – elektronisk
- 9.september – valdag

6. Budsjett

- Framlegg budsjett i løpet av hausten 2018

7. Risiko

- Kjem attende til i prosjektplanen

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Leni Dale	17/1868

Prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta

Vedlegg:

Kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i prøveordning med å overta .._

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

1. Fellesnemnda ønskjer å melde interesse for prøveordninga knytt til tannhelseteneste.
2. Endeleg avklaring av deltaking vert å komme attende til i eiga sak etter at rammene for prøveordninga er kartlagt.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fylkesmannen kartlegg på vegne av Helse- og omsorgsdepartementet kva kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunane overtek ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå fylkeskommunen. Dette er ei frivillig oppgåveoverføring som vil gjelde frå 01.01.2020 og som omfattar ei fullstendig overføring av oppgåver. Bakgrunnen er behandling av Meld.St.14 *Kommunereformen* og Prop.71 L *Endringer i helselovgivingen (overføring av det offentlige tannhelsetjenesteansvaret, lovfesting av kompetansekrav m.m)*. Her vedtok Stortinget at regjeringen legg til rette for ei prøveordning der kommunar som ønskjer det , etter søknad kan få tillating til å overta ansvaret for tannhelsetenesta frå 2020. Kommunane som deltek i prøveordninga vil bli følge-evaluert fram til 2023 og erfaringane vil gi grunnlag for beslutning om overføring av den samla tannhelsetenesta frå 2023. Juridisk vil lovendringa innebære at dei aktuelle kommunane får fleire plikter enn det fylkeskommunen har i dag og vil i varierende grad medføre meirarbeid. Verksemdsoverdraging frå fylkeskommunen til kommunen må vera gjennomført før ansvaret blir overført 01.01.2020. Dei økonomiske rammene vil departementet kome tilbake til i seinare budsjettframlegg, men skal vera kjent for kommunane når dei søker om å få delta prøveordninga. Dette er ei kartlegging og på bakgrunn av svar på kartlegginga vil departementet seinare sende brev til kommunar som er interesserte i å delta, slik at dei kan søkje om å delta i prøveordninga.

Departementet ventar at kommunane er aktive og startar dialogen med fylkeskommunen.

Ved ein eventuell seinare søknad om å vera med i prøveordninga må kommunen gjere greie for samarbeidet med fylkeskommunen. Fylkesmannen oppmodar særleg Alver og Øygarden kommune om å vurdere å delta i prøveordninga.

Vurdering

I denne omgang er det innhenting av informasjon om kva kommunar som kan vera interesserte i å få brev frå Helse- og omsorgsdepartementet og då søkje om å bli med i prøveordninga. Ved å melde si interesse betyr ikkje at kommunen må søkje om deltaking. Dette vert å ta stilling til når brevet frå departementet kjem og dei økonomiske rammene er kjend for kommunen.



Likelydande til:

Kommunane i Hordaland v/rådmann

Bergen kommune, Byrådsleders avdeling v/kommunaldirektør

Kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt om at vi kartlegg kva kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtek ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå fylkeskommunen.

Vi ber om at kommunane som ønskjer å vere med i prøveordninga, gir tilbakemelding om dette til fylkesmannen innan 20. mai 2018.

Send svaret til fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for å leggje til rette for prøveordninga. På bakgrunn av svar på kartlegginga vil departementet seinare sende brev til kommunar som er interesserte i å delta, slik at dei kan søkje om å delta i prøveordninga.

Fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen legg til grunn at deltaking i prøveordninga skal vere frivillig og omfatte om lag 15 av kommunane i landet. Der ein fylkeskommunal tannhelseklinikkk omfattar fleire kommunar, må desse kommunane som hovudregel stå samla om ei slik oppgåveoverføring. Samstundes meiner fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen at det bør opnast for unntak i tilfelle enkelte kommunar ikkje ønskjer å vere med i prøveordninga. Føresetnaden er då at denne/desse kommunane kan overførast til ein annan fylkeskommunal/ regional tannhelseklinikkk.

Nedanfor følgjer ei orientering om bakgrunnen og juridiske og økonomiske rammer for prøveordninga.

Bakgrunn

Ved behandling av Meld. St. 14 (2014-2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*, jf. Innst. 333 S (2014-2015) vedtok eit fleirtal på Stortinget at ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta bør overførast til kommunane.

Ved behandling av Prop. 71 L (2016-2017) *Endringer i helselovgivningen (overføring av det offentlige tannhelsetjenesteansvaret, lovfesting av kompetansekrav m.m.)* vedtok Stortinget forslaget til lovendringar, jf. Innst. 378 L (2016-2017). Samstundes vedtok Stortinget følgjande:

I

"Stortinget ber regjeringen legge til rette for en prøveordning som innebærer at kommuner som ønsker det, etter søknad kan få tillatelse til å overta ansvaret for tannhelsetjenesten fra 2020."

II

"Stortinget ber regjeringen sørge for at prøveordningen som starter i 2020, i de kommunene som ønsker å overta tannhelsetjenesten, følge evalueres frem til 2023. Basert på erfaringene i prøvetiden og endringer i kommunestruktur etter 2020, kan en videre utvidelse til flere kommuner tidligst skje etter 2023."

III

"Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for økonomiske incentiver for kommuner som ønsker å overta tannhelsetjenesten".

IV

"Stortinget ber regjeringen komme tilbake med egen sak som vurderer overføring av den samlede tannhelsetjenesten basert på erfaringene fra prøveordningen som kan gi grunnlag for beslutning om overføring fra 2023."

V

"Stortinget ber regjeringen starte arbeidet med å bygge opp tannpleierkompetanse i kommunene. Slik oppbygging av tannpleierkompetanse i kommunene vil ha økonomiske og administrative konsekvenser som regjeringen vil måtte komme tilbake til i budsjettssammenheng."

For informasjon om lovendringane viser vi til kapittel 10 i Prop. 71 L (2016-2017), <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-71-l-20162017/id2546178/>.

Juridiske og økonomiske rammer for prøveordninga

Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta, med unntak av kommunane som får delta i prøveordninga.

Ved behandling av Prop. 71 L (2016-2017) vedtok Stortinget endringar i helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettslova som legg til rette for og er nødvendige for å overføre ansvaret for tannhelsetenester til kommunane. Stortingets vedtak inneber at Kongen kan setje i kraft lovendringane til ulik tid for ulike delar av landet. Det er dette lovverket som frå 1. januar 2020 skal gjelde for kommunane som får delta i prøveordninga. Lovendringane inneber at dei aktuelle kommunane får nokon fleire plikter knytt til tannhelsetenesta enn dei fylkeskommunen i dag er pålagt etter tannhelsetenestelova. Pliktene er i hovudsak administrative og vil i varierende grad medføre meirarbeid. Dette omfattar mellom anna:

- utvida krav om å innhente politiattest, uavhengig av kven kommunen yter tannhelsetenester til
- lovfesta krav til systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik
- krav til brukarmedverknad på systemnivå
- lovfesta ansvar for transport av tannhelsepersonell
- krav til koordinering av deltenester for personar med rett til individuell plan
- plikt til å medverke til vidare- og etterutdanning av private tenesteytarar (tannlegar og tannpleiarar) som har avtale med kommunen
- plikt til å medverke til forskning

Kommunar som deltek i prøveordninga, overtek i tillegg fylkeskommunes ansvar for å dekkje utgifter til pasienttransport til og frå den kommunale tannhelsetenesta. Kommunane skal sjølve fastsetje lokale forskrifter om omfanget av dekking av reiseutgifter. For andre

kommunale helse- og omsorgstenester enn tannhelsetenester, er det framleis dei regionale helseføretaka som har ansvaret for organisering og finansiering av pasienttransport.

Personar som er rusmiddelavhengige og bur eller mellombels oppheld seg i ein prøvekommune, får lovfesta rett til nødvendig tannhelsehjelp frå kommunen og rett til å klage over manglande hjelp.

Når det gjeld dei økonomiske rammene opplyser departementet at dei vil kome tilbake til dette i seinare budsjettframlegg. Kommunane skal vere kjende med dei økonomiske rammene når dei søker om å få delta i prøveordninga.

Prøveordninga inneber at det blir gjort uttrekk frå rammeoverføringa til fylkeskommunen og overføring til dei aktuelle kommunane. Utrekket blir bestemt av Helse- og omsorgsdepartementet i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Samarbeid med fylkeskommunen

Fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen legg til grunn at kommunane som ønskjer å overta ansvaret frå 2020, så tidleg som mogeleg innleier samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og fylkeskommunen slik at det vert tid til å greie ut og gjennomføre dei rettslege, praktiske og økonomiske sidene ved oppgåveoverføringa. Fylkeskommunen/regionen kan ikkje motsetje seg at kommunar ønskjer å overta ansvaret for tannhelsetenesta.

Departementet ventar at kommunane er aktive og startar dialogen med fylkeskommunen. Ved ein ev. seinare søknad om å få vere med i prøveordninga, må kommunen gjere greie for samarbeidet med fylkeskommunen.

Omfanget av oppgåveoverføringa

Ordninga med frivillig oppgåveoverføring frå 1. januar 2020 inneber ei formell og overføring frå fylkeskommunen til kommunane som ønskjer dette. Det skal vere ei fullstending overføring av oppgåver. Dette omfattar både spesialisttannhelsetenesta og allmenntannhelsetenesta. Det blir ikkje opna for ei delvis overføring som berre gjeld allmenntannhelsetenesta.

Kommunar som ønskjer å delta i prøveordninga og kor det er lokalisert eit regionalt odontologisk kompetansesenter, må også ta over verksemda og drifta ved senteret. Per i dag er det seks kompetansesenter. Eit av dei er i Bergen. Kompetansesentra tilbyr tannhelsetenester utført av spesialistar. Dei har eit tilrettelagt behandlingstilbod til pasientar med odontofobi og til pasientar som har vore utsette for tortur eller overgrep. Sentra skal tilby rådgjeving, kursverksemd og klinisk, praksisnær forskning.

Departementet understrekar at kommunar som ønskjer å delta, må leggje til rette for å kunne kjøpe tannhelsetenester frå andre dersom tenesta ikkje kan leverast av kommunen sjølv. Det vil truleg vere behov for å etablere interkommunale samarbeidsløysingar mellom kommunar som skal delta i prøveordninga, både når det gjeld tenesteyting og drift av klinikkar.

Det er venta at kommunar som er med i prøveordninga, deltek aktivt i følgjeevalueringa av ordninga.

Verksemdsoverdraging

Verksemdsoverdraging frå fylkeskommune til aktuelle kommunar må vere gjennomført før ansvaret blir overført 1. januar 2020.

Det følgjer av Stortingets vedtak at frå tidspunktet for iverksetting av lovendringane overfor prøvekommunane, har den kommunen der verksemda er lokalisert, rett og plikt til å overta formueposisjonar som er knytte til verksemdar i den fylkeskommunale tannhelsetenesta. Dette omfattar blant anna offentlege tannklinikkar og regionale odontologiske kompetansesenter med utstyr, forbruksmateriell og journal- og IKT-system. I høve til dei kommunale helse- og omsorgstenestene generelt, er den fylkeskommunale tannhelsetenesta ei utstyrsintensiv verksemd, blant anna med teknisk avanserte behandlingsstolar, digitalt røntgenutstyr og klinikkinneing.

Overtakinga skal i utgangspunktet omfatta alle eigedelar, avtalefesta rettar og plikter som er nødvendig for at prøvekommunane skal kunne vareta ansvaret for tannhelsetenester på ein forsvarleg måte. Det er samstundes føresett at fylkeskommunen beheldt eigedelar og avtalefesta rettar og plikter som er nødvendige for å yte tannhelsetenester til dei kommunane i fylket som ikkje deltek i prøveordninga. Denne delinga bør vere eit tema i dialogen mellom aktuelle prøvekommunar og fylkeskommunen. Overføringa til aktuelle kommunar skal skje vederlagsfritt. Fylkeskommunen kan ikkje krevje kompensasjon frå stat eller kommune.

Verksemdsoverdraginga inneber også at prøvekommunane trer inn og overtek fylkeskommunens rettar og plikter etter avtalar mellom fylkeskommunen og private tannlegar ved tidspunktet for iverksetting av lovendringane. Dei enkelte elementa i verksemdsoverdraginga er nærare omtalte under punkt 10.22 i Prop. 71 L (2016-2017).

Om overføring av personell frå fylkeskommunen til prøvekommunane opplyser departementet at det i hovudsak vil føregå som verksemdsoverdraging etter reglane i arbeidsmiljølova kapittel 16.

Fylkesmannen oppmodar særleg Bergen kommune og dei to nye kommunane frå 2020, Alver og Øygarden om å vurdere å delta i prøveordninga.

Vår frist for å svare Helse- og omsorgsdepartementet er 28. mai. Vi ber om tilbakemelding frå kommunane innan 20. mai.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Helga Arianson
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030 OSLO

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
030/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Økonomisk støtte til politiske parti

Vedlegg:

18.04.23 Krav om økonomisk støtte til samanslåing arbeidstakarorganisasj.._

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda ønskjer ikkje å nytte midlar overført i samband med samanslåinga til stønad til samanslåing av lokalpartia i dei tre Alverkommunane.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

I fellesnemnda sitt møte 4. desember 2017 i sak 25/17 vart det mellom anna gjort følgjande vedtak:

«Ny post i budsjettet: Demokratibygging 2018 kr. 100 000, 2019 kr. 100 000 og 2020 kr. 50 000. Totalt kr. 250 000 Finansiering: Tilsvarende reduksjon av post 17 - til uføresett.»

Etter spørsmål i fellesnemnda har nestleiar i fellesnemnda Astrid Aarhus Byrknes bedt om avklaring av økonomisk støtte til politiske parti. I brev framlagt for fellesnemnda i møte 12. mars i år står det mellom anna «Engangskostnadene går til kommuneorganisasjonene og det er ikke i disse tatt høyde for ev sammenslåingskostnader av politiske partier, frivillige organisasjoner m.m.» Det står også at «Departementet forutsetter at kommunene benytter midlene der de finner det best, i tråd med Stortingets intensjoner.»

Fellesnemnda og saksførebuande har motteke vedlagt brev frå dei tillitsvalde. Dette gjeld «Krav om økonomisk støtte til samanslåing av arbeidstakarane sine lokallag.

Saksutgreiing

Det er i mange samanhengar utfordrande å bygge saman tre ulike organisasjonar til ein. Eit viktig element for å lukkast, er å arbeide godt med kulturbygging. Innanfor dei økonomiske rammene til fellesnemnda kan det vere vanskeleg å følge dette opp i så grad som ein ideelt

gjærne skulle ønskje.

Budsjettet som vart vedteke i sak 25/17 i møte 4. desember 2017 inneheldt poster det er knytt stor uvisse til. Dette gjeld spesielt avslutning av arkiv og kostnader til IKT-området. DigiAlver prosjekta er nå i ein prosess for å avgjere kva ein skal gjere med dei ulike IKT-systema. Kva val ein gjer vil vere klart før sommarferien. Kostnadskalkylar knytt dei vala ein gjer vil bli arbeida med kontinuerlig og vil kome på plass i en heilskap i løpet av hausten.

Alver deltek i eit nasjonalt lokaldemokratiprojekt. Arbeidet med dette er teke inn i prosjektet: «Politisk styringsstruktur og lokaldemokrati». Det vert føresett at tiltak som kjem ut av det lokale prosjektet og gjennom deltaking i det nasjonale prosjektet vert finansiert gjennom posten «Demokratibygging» som vart vedteke i sak 25/17 i fellesnemnda.

Vurdering

Departementet er tydeleg i sine forventningar til kva tildelte midlar skal brukast til og økonomisk støtte til samanslåing av lokalparti ligg utanfor desse forventningane.

Det er knytt stor uvisse til fleire poster i budsjettet og spesielt IKT-kostnader. Ein bør vise stor varsemd med å bruke midlar på andre postar enn det som gjeld kjernen i samanslåinga og som vert vurdert som høgst nødvendig.

Til
Saksførebuande utval
Fellesnemnda

KRAV OM ØKONOMISK STØTTE TIL SAMANSLÅING AV ARBEIDSTAKAR- ORGANISASJONANE SINE LOKALLAG

På vegne av alle arbeidstakarorganisasjonane som er involverte i prosessen med bygginga av Alver kommune, vil eg med dette krevje økonomisk støtte til samanslåinga av organisasjonane sine lokallag.

I utgangspunktet meiner vi at dei millionane som er avsett til kommunesamanslåing i minst mogleg grad bør gå til andre ting enn det som har med sjølv bygginga av Alver kommune å gjere. Men, når politikarar i Fellesnemnda har fremma forslag om at det skal avsetjast pengar til samanslåing av dei politiske partilaga, krev arbeidstakarorganisasjonane å bli handsama likt.

Dersom Fellesnemnda vedtek at dei politiske partia skal få økonomisk støtte til samanslåing, må Fellesnemnda òg vedta at arbeidstakarorganisasjonane får tilsvarande støtte. Vi oppmodar Fellesnemnda til å stemme nei både til partistøtte og til vårt krav.

Knarvik 23.april 2018

Jarle Næss
Koordinerande hovudtillitsvald

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv	17/1868

Disponering av midlane frå KMD til Sambandet Vest

Vedlegg:

Refeferat fra styremøtenr. 2- 2018 (2)

Framlegg til vedtak

Fellesnemnda godkjenner at Meland kommune får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune. Askøy kommune sin del av utgiftene, 15 %, blir dekkja av Askøy kommune.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Fellesnemnda gjorde i sak 006/18 *Sambandet Vest – godkjenning av bruk av midlar*, slikt vedtak:

Fellesnemnda godkjenner at Sambandet Vest AS får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman. Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune. Askøy kommune sin del av utgiftene, 15% blir forskottet av midlane tildelt Sambandet Vest AS, mot at Askøy kommune stiller ein kommunal garanti på beløpet. Fellesnemnda anser midlane som som prosjektmidlar og skal ikkje nyttast til administrasjon av selskapet.

Sidan den gongen har styret i Sambandet Vest AS sagt opp avtalen om dagleg leiar med Askøy kommune og førespurd Meland kommune om å overta den daglege leiinga av selskapet. Meland kommune har svart positivt på dette, til ein lågare kostnad enn det ein har betalt til Askøy kommune. Samstundes er det no berre eitt privat selskap som har signalisert

at dei framleis ønskjer å vere på eigarsida av Sambandet Vest AS, og styret har stilt spørsmål med om det er føremålstenleg å vidareføre arbeidet med prosjektet Sambandet Vest gjennom eit aksjeselskap. Sjå vedlegg frå styremøte 16. mars 2018. Dette vart det og orientert om på førre møte i fellesnemnda.

På denne bakgrunnen har det vore eit eigarmøte i selskapet og konklusjonen derifrå er at ein ønskjer å avvikle selskapet, men jobbe vidare med vegprosjektet. Ein måte er å organisere dette arbeidet som eit prosjekt med ei administrativ arbeidsgruppe, ei politisk styringsgruppe og ei referansegruppe med representantar frå næringslivet. Styret vil arbeide vidare med sikte på å leggje ned selskapet og komme med ei eit forslag til korleis arbeidet med prosjektet kan organiserast. Dette vil det bli lagt fram sak om til handsaming i kommunestyra i eigarkommunane i juni.

Slik situasjonen for selskapet er no, er det ikkje naturleg at selskapet set i gang det arbeidet som fellesnemnda vedtok i sak 006/18. For å komme i gang med arbeidet med å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedalplan for vegtraseen, kan ei løysing vere at fellesnemnda vedtar å be Meland kommune om å setje i gang arbeidet med dette. Dette betyr at eit anbod for arbeidet kan bli utlyst før sommaren. Dersom ein skal vente på at selskapet skal leggjast ned og ei ny organisering av prosjektet skal vedtakast, vil ingenting bli gjort før sommaren.

Fellesnemnda bør og gjere ei vurdering om Alver-kommunane sine kostnader til styringa av prosjektet skal dekkjast av midlane som er gitt av departementet.

MØTEREFERAT

Til stede:	Kathrine Vollevik Knudsen, Jon Askeland, Tore Steine, Sindre Lillebø, May Eva Sandvik, Maia Kvinneland (Deloitte)		
Forfall:	Trond Petter Abrahamsen, Ivar Ådlandsvik, Sølvi Helen Fagerdal Karlsen, Kenneth Taule Murberg, Sigmund Larsen, Ellen A. C Albrechtsen (ihht reg i Brreg)		
Referent:	Kathrine V Knudsen		
Gjelder:	Styremøte nr. 2 - 2018		Sak:
Møtetid:	16.03.2018 09.00- 11.00	Møtested:	Møterom Stabburet, Askøy Rådhus
Møteleder:	Kathrine V. Knudsen	Neste møte tid/sted:	

Sak nr	Dagsorden	Ansvarlig
7 -2018	Innkalling og saksliste Ok.	
8 – 2018	Godkjenning referat møte 1 – 2018 Ok. Presisert at det som fremkommer i referatet ift status på innbetalte midler i forbindelse med kapitalforhøyelse. Da manglet Lindås. De betalte inn 16.02.2018. Fristen opp mot Brønnøysund var 19.02.2018.	
9– 2018	Regnskap 2017 Gjennomgang ved Maia Kvinnesland (Deloitte). Ok. Nye regler, gjør at styret kan velge ift hva som gjøres ift årsberetning. Selskapet må ikke etter lovendring levere årsberetning. Gjør man det må regelverket følges, og den blir mer omfattende enn de tidligere år. Kan levere skriftlig redegjørelse men kalle det noe annet, og da ikke måtte følge regelverket. Forslag fra styreleder om å levere som tidligere år i år, med annen benevnelse, så blir det opp til generalforsamlingen hva som skal gjøres videre.	M-K

	<i>Vedtak: det leveres «årsberetning» for 2017, men da under navnet «årsmelding». Slik at styret får rapportert til eier/ generalforsamling. Hva som skal gjøres videre avgjøres av generalforsamlingen.</i>	
10 – 2018	Status daglig leder, samtale med Askøy etter oppsigelse Som det fremgår av sak 5 – 2018 ble det vedtatt å si opp avtalen med Askøy kommune om daglig ledelse. Denne ble sagt opp mer virkning fra 01.03.2018. Løper da i 3 mnd, ut 31.05.2108. I forhold til henvendelse til Meland kommune, som følge av vedtak i sak 5 – 2018, vil det i den perioden arbeidet med Silingsrapporten pågår, være behov for mindre daglig ledelse. <i>Vedtak: Styret er da av den oppfatning at det forhandles med Askøy kommune om kortes mulig oppsigelsestid.</i>	Kathrine
11 – 2018	Status eiere, henvendelse om ønske om å tre ut av selskapet fra Wimoh AS <i>Vedtak: styret melder tilbake til Wimoh AS at henvendelsen er mottatt og vil bli behandlet på Generalforsamlingen.</i>	
12 – 2018	Informasjon fra styreleders møte i Formannskap i Askøy og Lindås Styreleder var invitert inn på Formannskapsmøte i Askøy den 20.02.2018 og Lindås den 08.03.2018. Gav orientering om status, både på økonomi og oppgaver. Samt redegjørelse for hva og hvorfor de ulike vedtak er gjort angående økonomi og egenkapital. Også omhandlet tilskuddet fra KMD. Synes det var gode orienteringer i den forstand at man får dialog med politikerne som kan få svar på sine spørsmål.	
13 – 2018	Tilbakemelding fra Meland angående oppgave med silingsrapport - Må se på organisasjonsform og kostnader Meland er positiv til å ta oppgaven med Silingsrapporten. De har også tilbud daglig ledelse i 10 %. Samt eventuelt mer etter timeforbruk om behov i perioder. Styreleder har ikke fått snakket mer med Meland om dette før styremøtet. <i>Vedtak: styreleder avklarer vilkår med Meland til neste styremøte.</i>	
14 – 2018	Veien videre, selskapet og eiere - Hva skal selskapet ift sak 13 – 18, hva vil eierne, hvem blir eiere	

	Styreleder gjorde en oppsummering på hva selskapet har gjort siste 2 år, samt status pr nå. Etter at BKK gikk ut av selskapet i 2017, og nå Wimoh AS har meldt at de ønsker ut nå, er det kun 1 privat (CCB) eier igjen. Det har til tross for innsats fra daglig leder og styreledere over tid vært vanskelig å rekruttere flere private eiere. Selskapet vil nå bestå av 5 kommunale eiere og 1 privat. Når det gjelder økonomi har selskapet hatt utfordringer da et AS må følge aksjeloven ift melding angående kapitalnedsettelse og kapitalforhøyelse, hvor det bla er strenge tidsfrister. Disse igjen, har over år vist seg vanskelig å holde når de offentlige eierne skal ha vedtak gjennom de politiske organ. Videre er prosjektet der nå, at neste milepæl er å få utarbeidet silingsrapport med forslag til planprogram for kommunedelplan. Dette arbeidet har Meland sagt ja til å lede. Videre har kommunene i nye Alver kommune fått tilskudd fra KMD til sin andel av dette arbeidet. Et slikt arbeid vil pågå neste ut 2019. Videre da må det utarbeides kommunedelplan, som kan lages som en felles, men må vedtas i de respektive kommuner. Dette vil også ta noen år. Utover disse arbeidene vil det være å levere innspill til RTP og NTP når de rulleres. Samt delta i fora og andre sammenhenger hvor prosjektet Sambandet Vest / Tverrsambandet naturlig bør være. Dette kan imidlertid også gjøres av andre aktører enn et selskap. Skal selskapet opprettholdes må eierne tilføre selskapet driftskapital på rundt 500.000 kr i året, kun for å ha selskapet i drift. På det grunnlag foreslår styreleder og styret at selskapet Sambandet Vest AS avvikles. Arbeidet med prosjektet Sambandet Vest / Tverrsambandet fortsetter som er interkommunalt samarbeid mellom dagens eierkommuner. Hvordan dette organiseres avgjøres av kommunene. En styringsgruppe, med enten politisk oppnevnte eller administrasjon som har dialogen, nå i første runde med Meland. Næringslivet kan sikres medvirkning som referansegrupper. Også endringen i organiseringen av bompengeselskap til regionale selskap gir noe endrede forutsetninger. Hvor selskapene som tidligere drev frem et prosjekt ble omdannet til innkrevingsselskap ved oppstart, vil man ikke ha egne selskap til innkreving i det enkelte prosjekt lengre. <i>Vedtak: det innkalles til eiermøte i april måned. Det søkes at flest mulig fra styret kan stille også her. Dette for dialogen med eiere fra styremøtet. Det samme gjelder styrets observatører fra HFK og SVV.</i>	
--	--	--

	<i>Prosjektet vil ha mest igjen for nå å gå over i en annen fase.</i>	
15 – 2018	Drift 2018, status ift eiere - De politiske prosessene i eierkommune. Hva når Wimoh AS vil ut, fordeling av aksjer og kostnader til drift På grunnlag av vedtak i 14 – 2018 ble ikke denne behandlet videre. Det må skytes inn driftsmidler for 2018 inklusive til avvikling.	
16 - 2018	Generalforsamling 2018 - Valg BKK er ute. Wimoh AS vil ut. Meland sin rep ønsker seg ut og har av eierne fått «fritak». Fått melding om ny vara i Radøy. - Når og hvor, saker, utover de som skal behandles? <i>Vedtak: det kalles inn til eiermøte i april og deretter generalforsamling i juni.</i>	
17 - 2018	Eventuelt Ingen saker på dette punktet.	

Kathrine Vollevik Knudsen
styrets leder

Jon Askeland
varamedlem

Tore Steine
styremedlem

May Eva Sandvik
Styremedlem

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ståle Juvik Hauge	17/1868

Overordna ROS for Alver kommune

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Framlegg til val av metode og gjennomføring av overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Alver kommune blir tatt til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn:

Med bakgrunn i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak, Sivilforsvaret og forskrift om kommunal beredskapsplikt, skal Alver kommune gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som munnar ut i ein beredskapsplan.

Føremål med lov og forskrift er å sikre at kommunen tek vare på befolkninga sin sikkerheit og tryggleik. Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorar i kommunen, med sikte på å redusera risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Plikta omfattar også kommunen som myndigheit innanfor sitt eige geografiske område, som verksemd og som pådrivar overfor andre aktørar.

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ivareta befolkningas sikkerheit og tryggleik innanfor sine geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen og spelar ei avgjerande rolle i alt beredskapsarbeid. Sentrale vedtak om kommunal beredskapsplikt er derfor svært viktig og skal bidra til at kommunen står betre rusta til å førebyggje og handtere uønska hendingar.

Kommunane skal ha evne til å oppretthalde styringsevne og suverenitet, befolkningas tryggleik og samfunnets funksjonalitet. (Rapport om samfunnets kritiske funksjoner 2016 frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, DSB)

Dette betyr at kommunen skal ha evna til å:

- oppretthalde nasjonal beredskap, handtere kriser og andre uønskte hendingar
- tilby helsetenester som er naudsynte for å unngå død, varig nedsett funksjonstilstand, alvorleg skade eller sterke smerter
- yte nødvendig omsorg til sjuke og hjelpetrengande i heimen og i institusjon
- verne befolkninga si liv og helse med befolkningsretta tiltak ved sjukdomsutbrot og andre hendingar
- augneblikkeleg innsats for å redde menneske frå død eller skade som følgje av akutte ulykkes- eller faresituasjonar
- avverja materiell skade eller avgrensa skadeomfang ved ulykkes- eller faresituasjonar
- førebyggja og handtera kjemikalie- og eksplosivhendingar og setje i verk tiltak for å beskytte liv, helse, miljø og andre viktige samfunnsinteresser
- å avverje eller avgrense miljøskade som følgje av akutt forureining
- å sikre befolkningas tilgang til matvarer slik at tilnærma normalt kosthald kan oppretthaldast

Samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune - kartlegging

Kommunane Radøy, Meland og Lindås gjennomførte hausten 2017 kartleggingsprosjektet «Felles beredskapsprosjekt Alver kommune», for å sjå på samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet i dei tre kommunane og moglegheita for å utarbeide ein felles beredskapsplattform i Alver kommune før 01.10.2020, med bakgrunn i dagens tre ROS-analysar.

Kartlegginga av dei tre ROS-analysene viste store forskjellar på metode, akseptkriterium og risikobilete i dei tre kommunane. Prosjektets konkluderte derfor med at det må gjennomførast ei eigen ROS-analyse for Alver kommune. Analysa må gjennomførast på eit overordna nivå, der ein ikkje går ned i enkelt avdelingar/objekt sin tenesteproduksjon. Arbeidet med ny ROS vil gje den nye organisasjon eit betre risikobilete som utgangspunkt for vidare arbeid. Ein ny ROS vil også måtta ta meir omsyn til å involvere andre aktørar for å danna eit totalbilete av risikoen i kommunen. Det vart i liten grad gjort i dei eksisterande ROS-analysane.

ROS-analyser for sektorar, tenesteområder, avdelingar og objekt (både off. og private) må gjennomførast når Alver kommune er etablert i 2020. Prosjektet anbefalte også at det må utarbeidast ein eigen plan for kommunal kriseleiing (KKL), som er operasjonelt ferdigstilt før 2020 for Alver kommune. Plan for KKL må byggja på den nye overordna ROS-analysa. Planverk på sektor-, tenesteområde- og avdelingsnivå må reviderast i samarbeid med ny driftsorganisasjon når den er operativ.

Ein sentral del av overordna ROS er å vurdere sårbarhet til organisasjon/samfunn. I kartleggingsprosjektet blei sårbarhet i Alver kommune kartlagt med bakgrunn i NOU 200:24, og dagens forhold i dei tre kommunane. Sårbarheten uttrykker dei utfordringane og problema eit system (kommunen) får med å fungera når det vert utsett for ei uønskt hending, samt dei utfordringane systemet får med å gjennom oppta si verkesemd/tenesteyting etter at hendinga

har skjedd og ein skal «normalisere» drifta.

Førebu samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune

Med bakgrunn i kartleggingsprosjektet i 2017 er det etablert eit nytt hovudprosjekt for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. Hovudmålet i prosjektet er å etablere og overlevere eit system og planverk for samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. Prosjektet skal gjennomføre overordna ROS for Alver kommune, med forslag til handlingsplan.

ROS-analysen skal kartlegga, systematisere og vurdere sannsynet og konsekvensen ved uønska hendingar som kan inntreffa i kommunen og korleis dei kan påverka kommunen. Dette vil gje eit risikobilet som ein kan arbeide vidare ut frå når ein skal planleggje samfunnstryggleik og beredskap. ROS-analysen skal synleggjera eksisterande og framtidige risiko- og sårbarhetsfaktorar, og på kva måte dei kan og vil påverka kvarandre. Særlige utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur skal også omtalast. ROS-analysen må innehalde ei framstilling av kommunens evne til å oppretthalde tenesteyting når den er utsett for ei hending og ein handlingsplan med moglege tiltak for å eventuelt rette opp dei tilhøva som er til vesentleg hinder for dette. Der det vert avdekkja tilhøve som krevjar detaljanalyser, skal kommunen utføre dette, også i samarbeid med andre samfunnsaktørar som industri, næringsliv eller andre offentlige etatar.

Metode: Dimensjonerande hendingar

DSB har utarbeidd ein rettleiar som blir lagt til grunn for arbeidet med ei heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) i kommunen. Rettleiaren omhandlar definering av formål, avgrensing, metode og prosess. Rettleiaren legg ikkje opp til bruk av førehandsetablerte akseptkriterium for risiko og tiltak som er naudsynte, slik det har vore vanleg i ROS-analyser. Etablering av slike kriterium i analyseprosessen kan avgrense kartlegging av hendingar og deira påverknad på samfunnet. Slik rettleiaren er lagt opp, gir dette mulighet for ein metode som definerer eit tall dimensjonerande hendingar (DH), som støttar det å handtere ei uønskt hending og konsekvensane av den. Dette vil gjelde i alle sektorar eller samfunnet uansett sannsyn for at den skjer eller ikkje. Endeleg rapport (ROS-analyse) vil beskrive kva for dimensjonerande hendingar (DH) som Alver kommune bør eller må handtere. Dette vil sikre kommunal beredskapsplikt som er heilskapleg og dekkjer alle sektorar av samfunnet.

Kva er dimensjonerande hendingar?

Ei dimensjonerande hending kan dekkje alle eller deler av kommunal verksemd og den bistand som kommune gjev ved hendingar eller har ansvaret for, også i resten av samfunnet. Eit døme kan her vere bistand ved evakuering. Hendinga kan vere løyst ut av ulike tilhøve som til dømes brann på skule, hotell, næringsaktørar eller hendingar med mange involverte som treng omsorg, helsehjelp, varme, mat og husly. Handteringa for kommunen vil i hovudsak vere lik for slike hendingar. Om ein handterer ei slik hending med evakuering som er dimensjonerande i kompleksitet og storleik, så vil ein ha grunnlag for å handtere alle, utan at forholdet og sannsynet for at det skjer er det avgjerande for planlegginga.

Dei dimensjonerande hendingar (DH) som vert tatt med i det vidare arbeidet, er hendingar som:

- vert «identifisert» til å dekkja/råka fleire eller like hendingar/forhold i fleire objekt/tenesteområde/sektorar eller i resten av samfunnet
- kan eller vil krevje involvering av fleire avdelingar, tenesteområder, sektorar og

- strategisk leiing (rådmannsgruppa)
- spesielle enkelthendingar

Det å ikkje bruka førehandsdefinerte kriterier har også Fylkesmannen i Hordaland anbefalt og det støttar opp om forskrifta sitt føremål. Det gjev også politikarane større påverknad på kva risiko dei kan og vil akseptera, og kva vedtak dei må gjera for å ha eit risikobilete som er akseptabelt for dei som ansvarlege for samfunnstryggleiksarbeidet og beredskap.

Vurdering:

Alver kommune skal vere operativ på området samfunnstryggleik og beredskap 1. januar 2020 og kunna handtera ei hending etter krav i lov om kommunal beredskapsplikt med tilhøyrande forskrift.

Arbeidet med overordna-ROS i Alver kommune skal organiserast etter anbefalingar i rettleiar til heilskapleg ROS. Analysa vil bli gjennomført utan førehandsdefinerte akseptkriterium, men med samfunnsverdiar, konsekvenstypar og sårbarhetskriterium som grunnlag for dimensjonerande hendingar (DH), handlingsplan og nytt planverk på overordna nivå.

Valt metode vil vere styrande for kva riski Alver kommune vil akseptere. Det gjev føringar for kva hendingar Alver kommune dimensjonerer seg for å takle (konsekvens) og ikkje utelukke ei hending ut frå statistisk sannsynsvurderingar. Rapporten vil gje grunnlag for vidare arbeid med planverk, tiltak på strategisk og operasjonelt nivå og etablering av handlingsplan for samfunnstryggleik og beredskap.

Ein vurderer at valt arbeidsmetode vil sikre kommunen sin evne til å handtere kriser og andre uønskete hendingar.

Forhold til dagens ROS-analyser og førebyggjande arbeid

Førebyggjande arbeid med å redusere sannsynet og konsekvensane «før og i ei hending» i dei ulike tenesteområda vert vidareført inn i Alver med dagens rutinar, planverk og tiltak. Det vil sikre at det gode arbeidet som er lagt ned på alle nivå i kommunane vert vidareført. Dagens ROS i dei tre kommunane vil bli teke med i det vidare arbeidet. Handlingsplanar med tiltak frå dei tre kommunane for risiko- og sårbarhets arbeidet vert ein del av den overordna ROS-analysa i Alver kommune. Ein samla og oppdatert versjon av handlingsplanane med tiltak vil bli presentert i rapporten. Det vil sikre at det gode arbeidet som er lagt ned på alle nivå i kommunane vert vidareført inn i Alver, der dei vil få sin faglege og politiske handsaming.

Med bakgrunn i at Alver kommune ikkje har eit kommunestyre før 2020, har ein vurdert at forankringa av arbeidet vil verta løyst med ei orientering i Fellesnemnda. Overordna ROS-analyse med risikobilete og handlingsplan skal til endelig behandling i Alver kommunestyre.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
033/18	Fellesnemnd	PS	07.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/3483

Melding/orientering til fellesnemnda 07.05.2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak
Meldinga vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Meldingar/orienteringar:

Pågåande prosjekt – status

Politiske prosjekt:

- Felles identitet, symbol og felles kultur - kommunevåpen

Prosjekt med politisk styring:

- Arbeidsgjevarpolitikk

Andre orienteringar:

- Program- og prosjektorganisering
- Status og vidare arbeid med administrativ organisering
- Status DigiAlver
- Utviding av IKTNH
- Budsjett fellesnemnda – rapport
- Økonomiplanarbeid Alver kommune
- Skjønnsmidlar frå Fylkesmannen
- Vidareføring av næringspolitisk arbeid i fellesnemnda